

Til Alver kommune  
Kvernhusmyrane 41  
5914 Isdalstø  
[postmottak@alver.kommune.no](mailto:postmottak@alver.kommune.no)

Vår ref.: EB / LING1831 / 2020.06.18

**Lindås gravplass – søknad om dispensasjon fra krav i KPA om områdereguleringsplan:**

Det vises til § 2.2.2 i føresegner og retningslinjer i kommuneplanens arealdel for Lindås, der det er krav om områdereguleringsplan for området H810-2 som omfattar Lindås gravplass.

Akasia Eiendomsforvaltning AS er engasjert av Alver kyrkjelege fellesråd, og har utarbeidd planar for ny gravplass for dei på Lindås i Alver kommune. Lindås gravplass er snart full, og opparbeiding av ny hastar.

Den nye gravplassen skal ligge på Gnr 108 Bnr 161 i Lindås i Alver kommune. Eigedomen er regulert med formål «Grav- og urnelund» i gjeldande reguleringsplan, datert 8/2-1985. Tiltaket er såleis i samsvar med reguleringsplan.

Det føreligg eit krav om utarbeiding av områdeplan for Lindås i kommuneplanens arealdel, men midlar for dette er ikkje allokert i denne planperiode. Av omsyn til at det hastar med å få klar nye gravar og ny gravplass i Lindås, er det ikkje mogleg å vente til områdeplan føreligg.

På vegne av Alver kyrkjelege fellesråd, søker me om dispensasjon frå områdeplankravet i kommuneplanens arealdel.

Med vennleg helsing

Erik Bjerkelund  
Senior landskapsarkitekt